

Kommunedelplan oppvekst 2022-2033

Planprogram


Planen skal vere eit
heilskapleg, strategisk
verktøy
for å sikre barn og
unge ein trygg og god
oppvekst i kommunen.

Innhald

1	Innleiing	3
2	Bakgrunn	4
2.1	Berekraft som premiss	4
3	Status Stad kommune	5
4	Internasjonale, nasjonale og regionale føringar	8
4.1	Internasjonale føringar:.....	8
4.2	Nasjonale føringar	8
4.3	Regionale føringar	9
4.4	Lokale føringar.....	9
5	Mål.....	9
5.1	Effektmål	11
5.2	Resultatmål.....	11
6	Planinnhald.....	12
7	Planprosess.....	14
7.1	Organisering	14
7.2	Framdrift og fristar	15
7.3	Informasjon og medverknad	16
7.3.1	Informasjonsprosess etter plan- og bygningslov.....	16

1 Innleiing

Barn og unge skal føle at dei høyrer til og kjenne seg trygge i familien, blant venner, på fritidsaktivitetar og i nærmiljøet. Kommunen har saman med mange andre aktørar i samfunnet, ansvar for å skape eit godt oppvekstmiljø for barn og unge. Trygge og fagleg kompetente barnehagar, skular og fritidsaktivitetar er ein del av dette. Kommunen er med på å legge grunnlaget for god psykisk og fysisk helse, og kan bidra til god integrering, inkludering og økonomisk tryggleik. Eit mangfald av aktivitetstilbod bidreg til at barn utviklar seg til sjølvstendige menneske, som kan skape si eiga framtid. Ved å jobbe mot reduserte sosiale ulikskapar, skal samfunnet betre sikre at alle har like moglegheiter.



Figur 1: Arenaer for helsefremmande og førebyggjande arbeid (Oppvekstprofilen, 2020)

Kommunen har verkemiddel som kan bidra til trivsel og tryggleik hjå barn og unge. Å styrke nærmiljøet, støtte frivillige organisasjonar, bidra til rimelege fritidstilbod og å skape møteplassar er nokre av desse. Kommunen, som ansvarleg for barnehage, grunnskule og kulturskule, må sørge for eit godt fysisk og psykososialt læringsmiljø.

Stad er ein ny kommune, oppretta 1. januar 2020 ved at kommunane Eid, Selje og Bryggja i tidlegare Vågsøy kommune vart slått saman. Stad kommune har om lag 9 500 innbyggjarar og ligg i Nordfjord i Vestland fylke. Kommunen består av over 30 små og større lokalsamfunn frå storhavet i vest til fjord- og fjellandskap i aust. Stad er ein langstrakt og spreiddbygd kommune med 120 kilometer reiseveg frå vestlegaste busetnad ved Stadhavet til dei austlegaste bygdene ved Hornindalsvatnet. Over halvparten av innbyggjarane i Stad kommune er busette i tettstadane og denne trenden er aukande. Bortimot ein tredjedel av innbyggjarane er busette i kommunesenteret Nordfjordeid. Den spreiddbygde busetjinga er elles nokså jamt fordelt i heile kommunen.

2 Bakgrunn

Ut i frå planstrategi for Stad kommune vedteken 13.12.19, skal arbeid med kommunedelplan for oppvekst ta til i løpet av 2021. Utgangspunktet for planarbeidet er kommunedelplan for oppvekst 0-18 år 2017-2029 frå Eid kommune. Selje kommune hadde ikkje ein slik plan. Etter kommunesamanslåinga må vi revidere planen og sikre at heile kommunen får eigarskap til planen. Planen skal vere eit felles styringsdokument, som sikrar ein førebyggjande og heilskapleg oppvekst i kommunen. Planen skal sikre at ressursane blir brukt der dei har best effekt.

Planarbeidet skal gjennomførast i tråd med føringane i plan og bygningslova. Kommunedelplan for oppvekst skal gjelde i ei 12 års-periode: 2022-2033.

Kommunedelplan for oppvekst skal vere eit styringsverktøy for alle einingar som yter tenester til barn og unge i kommunen.


2.1 Berekraft som premiss

Berekraftsmåla reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling: Klima og miljø, sosiale forhold og økonomi. Berekraftig klima og miljø må sjåast som ein føresetnad for sosial og økonomisk berekraft. Ei berekraftig utvikling ligg til grunn for alt planarbeidet i kommunen. Måla i kapittel 5 syner koplinga mot FN sine berekraftsmål. Ved å vidareføre desse måla inn i kommunedelplanar, skal Stad kommune sikre ein raud tråd frå plan til handling.

3 Status Stad kommune

I Stad kommune bur omlag 9500 personar. 2135 av desse er barn og unge i alder 0 til 18 år. Barn og unge er her definert som personar under 18 år, det vil seie under myndigheitsalder. Dette er i tråd med norsk lov og FNs konvensjon om barnets rettar.


Figuren under viser årleg endring i befolkningsveksten frå 2010-2019, dekomponert i ulike drivkrefter. Endringa i veksten er svak positiv med 0,21 %. Ser ein berre på året 2019, så var endringa i befolkningsveksten på 0,47 % - enda høgare.



Befolkningsveksten i Stad dekomponert i ulike drivkrefter. Tallene er årlig endring i den valgte perioden. Figuren viser årlig endring i prosent 2010-2019. (Telemarksforsking, 2021)

Ifølge Telemarksforsking grunna denne veksten bustadsattraktivitet. Ein faktor som har stor betydning for kommunen sin attraktivitet er ameniteter, som er eit samla omgrep for ulike fysiske kvalitetar og tilbod som eksisterer på ein stad. Gode skular og barnhagar, kultur-, sport-, og fritidstilbod og tilrettelegging for friluftsliv er døme på slike ameniteter.

Tal barn og unge har gått ned i dei siste åra i heile Noreg grunna lågt fruktbarheitstal. I figuren ser vi utviklinga i tal barn og unge i alder 0-18 år i planperioden og fram mot 2040 i ulike scenario og framskrivingar i Stad kommune.




Befolkningsvekst barn og unge i alder 0-18 år, 2020-2040 Stad kommune. (Telemarksforsking, 2021).

Tal barn og unge vil sinke fram til 2035 i alle scenarioa. Denne nedgangen går over til svak vekst etter 2035 dersom bustadattraktiviteten blir høg og positiv. Utan høg bustadattraktivitet vil nok nedgangen i tal skulebarn halde fram.

Barnehage

Kommunen har seks kommunale barnehagar og ein kombinert barnehage og barneskule. I tillegg er det 5 private barnehagar.



(SSB, tabell: 09169)

Det er 465 barn som går i barnehage i Eid og Selje. Det er 46 minoritetsspråklege barn i barnehagen.

Skule

I Stad kommune er det seks barneskular, tre kombinerte barne- og ungdomsskular og ein ungdomsskule. Det var 1176 elevar som gjekk i grunnskulen i 2020. 130 av desse gjekk også i SFO.

Skular etter type/ Skular etter elevtal	20-49	50-99	100-299	300-499	Til saman
Barneskular	2	3	0	1	6
Barne- og ungdomsskular	1	0	2	0	3
Ungdomsskular	0	0	1	0	1
Til saman:	3	3	3	1	10

(Framstilling basert på SSB tabell 09546)

I Stad kommune er det ein vidaregåande skule med 325 elevar (Stand 2020). Fråfallet i den vidaregåande skulen på Eid blant elevar er lågt (13%) samanlikna med landet (20%).


Kulturskule

Stad kommune har ein kulturskule. Stad Kulturskule har per i dag 260 elevar frå 3-20 år, leiger ut direksjonstenester til 4 korps og 2 kor, underviser aspirantar til fleire korps, og har eit musikkbarnehagetilbod.

Trivsel

Elevane i grunnskulen får kvart år høve til å seie si meining om læring og trivsel i skulen.

Elevundersøkinga er obligatorisk for 7. og 10. klassetrinn i heile landet. Resultat frå skuleåret 2020-2021:



Skalaforklaring: Høg verdi betyr positivt resultat. Beste gjennomsnittsverdi er 5. ■ Trinn 7 ■ Trinn 10 (Skoleporten, 2021)

I tillegg til undersøkningane frå Utdanningsdirektoratet, så er Stad kommune med i den nasjonale Ungdata-undersøkninga. Tala der ifrå blir og med i kunnskapsgrunnlaget i kommunedelplanen.

Helse og fysisk aktivitet

Oppvekstvilkår legg grunnlag for god helse i eit livsløpsperspektiv. Kommunen har ei sentral rolle i å jamne ut sosial ulikskap, å førebygge psykiske og fysiske helseplager, å legge til rette for sosiale og fysiske aktivitetar. Store delar av dagen er barn og ungdom på stadar der dei har avgrensa moglegheiter for fysisk aktivitet som barnehage, skule og SFO. I Norge er berre 5 av 10 av 15-åringane aktive nok. Undersøking viser at i Stad kommune er 7,8 % av barna lite fysisk aktive.

57 % av barn og ungdom i Stad kommune er med i eit idrettslag og 21 % av barn og ungdom i Stad kommune er med på organisert trening. 53 % av barn og unge i Stad kommune er på eiga hand fysisk aktive.

Viktige lenkjer med informasjon om barn og unge i Stad kommune:

[Oppvesktprofil](#)

[Grunnskolen informasjonssystem](#)

[Skoleporten](#)

[Ungdata](#)

[Kommunefakta SSB](#)

4 Internasjonale, nasjonale og regionale føringar

4.1 Internasjonale føringar:

FN sine berekraftsmål

FN sine berekraftsmål er ein felles arbeidsplan for heile verda på korleis kjempe mot ulikskap, utrydde fattigdom og stoppe klimaendringane innan 2030. Berekraftig utvikling er definert som ei utvikling som tek i vare behova til menneske som lever i dag, utan å øydelegge moglegheita til framtidige generasjonar for å dekke sine behov.

Barnekonvensjonen

FNs barnekonvensjon om barnets rettigheter er ein viktig internasjonal avtale mellom land om barn og ungdom sine rettigheter. Konvensjonen inneheld ei forklaring på kven som blir rekna som barn, kva rettar dei har og kva ansvar styresmaktene har.

4.2 Nasjonale føringar

Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging (2019) legg vekt på fire utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Andre sentrale nasjonale føringar for oppvekst:

- Opplæringslova
- Barnehagelova
- Fagfornyng for skulane (frå august 2020)
- Helse og omsorgstjenestelova
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging

Gjennom innføring av barnevernsreforma og ny barnevernslov pliktar kommunen å lage ein plan for det førebyggjande arbeidet og å samordne sitt tenestetilbod til barn og familiar.

§ 15 i ny barnevernslov har følgande ordlyd:

«Kommunen skal fremme gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å forebygge at barn og unge utsettes for omsorgssvikt eller utvikler atferdsproblemer. Kommunen skal sørge for å samordne sitt tjenestetilbod til barn og familier.

Kommunestyret selv skal vedta en plan kommunens forebyggende arbeid etter første ledd. Planen skal beskrive hva som er målene for arbeidet, hvordan arbeidet skal organiseres og fordeles mellom etatene i kommunen, og hvordan etatene skal samarbeide. »

4.3 Regionale føringar

- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
- Regional plan for folkehelse 2015-2025, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur 2018-2022; Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Regional plan for klimaomstilling 2018-2021; Sogn og fjordane fylkeskommune

4.4 Lokale føringar

Kommuneplanen er ein av kommunen sin viktigaste styringsverktøy, og inneheld to delar; ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen legg føringar for samfunnsutvikling og tenester, og arealdelen fastsett arealutviklinga, vekst og vern i kommunen. I samfunnsdelen av kommuneplanen og handlingsprogrammet 2021-2024 er det fastsett overordna mål innanfor fire satsingsområde (sjå kapittelet 5 «Mål») som skal bidra til å oppnå ei berekraftig utvikling i kommunen. Måla er i stor grad tverrfaglege og krev oppfølging innanfor fleire sektorar dersom ein skal nå desse.

5 Mål

Planarbeid i Stad kommune skal byggast på FN sine berekraftsmål. I samfunnsdelen 2020-2032 har Stad kommune forankra desse måla. Satsingsområda og måla av samfunnsdelen (jf. Figur 1) skal ligge til grunnen av planarbeidet.

Godt tenestetilbod	Livskraftige tettstader og samfunn	Berekraftig miljø	Samskaping og samarbeid
 3 GOD HELSE	 4 GOD UTDANNING	 9 INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR	 11 BÆREKRAFTIGE BYER OG SAMFUNN
		 13 STOPPE KLIMAENDRINGENE	 14 LIV UNDER VANN
		 15 LIV PÅ LAND	 17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLENE

Samfunnsmålet er «Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag». Kommunedelplan for oppvekst skal bidra til å nå Stad kommune sitt samfunnsmål og delmål frå kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032.

Særleg relevante mål er:

Godt tenestetilbod

Mål for kommunen

Hovudmål

Innbyggjarane i Stad kommune har ein god oppvekst og gode utdannings- og helsetilbod

Delmål



Stad kommune arbeider for ein lukkeleg barndom, og sikrar at alle barn i Stad får ein trygg og tilpassa oppvekst i eit inkluderande fellesskap, med eit mangfaldig barnehage-, skule og fritidstilbod, der dei kan få nytta og utvikla evnene sine og bli sjølvstendige

menneske med god psykisk og fysisk helse.

Ved å redusere sosial ulikskap har innbyggjarane i Stad kommune dei same moglegheitene og fridomen til å skape si eiga framtid.

Barn og unge som veks opp i Stad kommune har god kjennskap til det mangfaldige næringslivet og moglegheitene det har å by på.

Innbyggjarane opplever at det er trygt å bu i Stad, mellom anna ved at dei får dekkja sine grunnleggande behov for velferdstenester.

Livskraftige tettstadar og samfunn

Mål for kommunen

Hovudmål

Stad kommune har inkluderande, trygge og attraktive lokalsamfunn og eit berekraftig og innovativt næringsliv.

Delmål



Stad kommune utviklar livskraft, menneskevenlege og levande lokalsamfunn og sentrum basert på stadeigne ressursar og kvalitetar, ved å samarbeide med innbyggjarane, næringslivet og frivillige lag og organisasjonar.

Stad kommune prioriterer ei trygg samfunnsutvikling, og legg vekt på å sikre liv, helse, miljø og materielle verdier.

Berekraftig miljø

Mål for kommunen

Hovudmål

Stad kommune deltek i arbeidet for å nå dei internasjonale klimamåla og arbeider for at vekst og utvikling skjer innanfor naturen sine tolegrensar.

Delmål

Stad kommune er ein pådrivar for å gje innbyggjarane høve til å ta gode klima- og miljøval.



Samskaping og samarbeid

Mål for kommunen

Hovudmål

Stad kommune er eit samskapande samfunn der alle dreg i lag og der vi brukar ressursane våre på best mogleg måte

Delmål

Med deg i sentrum - dei som nyttar tenestene i Stad kommune opplever tenestene som samanhengane og heilskaplege.



Innbyggjarane i Stad kommune har likeverdige høve til å delta i samfunnsliv og demokratiske prosessar.

Effekt- og resultatmål byggjer på desse overordna måla.

5.1 Effektmål

- Barn og unge i Stad kommune har eit utdanningstilbod med god fagleg standard tilpassa sine behov.
- Barn og unge i Stad kommune har ei aktiv fritid der alle kan utvikle sine eigne interesser.
- Barn og unge i Stad kommune har eit godt helsetilbod med fokus på førebyggjande tiltak.
- Alle i Stad kommune jobbar tett saman for ein god og trygg oppvekst.

5.2 Resultatmål

- Stad kommune har eit politisk styringsdokument og -verktøy som sikrar barn og ungdom ein god og trygg oppvekst i kommunen.
- Stad kommune har ein førebyggjande og heilskapleg kommunedelplan for oppvekst.
- Stad kommune vedtek kommunedelplan for oppvekst våren 2022.

6 Planinnhald

Planen blir bygd opp på satsingar som skal ligge til grunn for planarbeidet og innhaldet av planen. Desse satsingane legg vi fast i oppstartsfasen av planarbeidet i ei tverrfagleg prosjektgruppe. Satsingane skal saman med berekraft danne premissane for planen. Til dømes kan slike satsingar vere «førebygging, likeverd, inkludering...»

Vidare skal planen bli delt opp i ulike fokusområde som dannar dei mest sentrale kapitla. Desse skal beskrive ulike relevante område, som har påverknad på barn/unge sitt liv.

- Barnehage, skule og kulturskule som oppvekstarena
- Aktiv fritid
- God psykisk og fysisk helse
- Samarbeid om oppvekst

Barnehage, skule og kulturskule som oppvekstarena

Kapittelet skal mellom anna handle om:

- Fagleg utvikling barn og unge
- Sosialt miljø
- Tilpassa opplæring/ bruk av spesialundervisning
- Digital kompetanse og utstyr i skulane og bruk av sosiale medier
- Kulturskulen og kulturtilbodet i Stad kommune
- Kompetanse hjå tilsette
- Bygg og uteområde
- Universell utforming

Aktiv fritid

Kapittelet skal mellom anna handle om:

- Aktivitetstilbod
- Møteplassar barn og ungdom
- Likeverdige deltaking
- Nærmiljø
- Universell utforming
- Mobilitet

God psykisk og fysisk helse

Kapittelet skal mellom anna handle om:

- Tidleg innsats og helsefremming
- Likeverdige tilbod til alle
- Livsmeistring og relasjonsbygging
- Trygge og inkluderande miljø
- Trivsel og tryggleik for unge som bur på hybel

Samarbeid om oppvekst

Kapittelet skal mellom anna handle om:

- Tverrfagleg samarbeid

- Menneskesyn
- Overgangar
- Rolleavklaring
- Kompetanseutveksling

I oppstartsfasen av planarbeidet blir denne oppramsinga konkretisert og utdjupa i lag med prosjektgruppa og andre relevante aktørar.

Kommunedelplan for oppvekst skal belyse ulike oppgåver og tydeleggjere korleis samfunnet skal arbeide med utfordringane. Oppgåvene skal løysast tverrfagleg, og planen skal tene som bidragsytar for andre planar som til dømes KDP fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett, den lokale transportplanen og KDP for helse. Planen skal også koplast mot arealdelen av kommuneplanen. Dette er eit viktig verkemiddel for mellom anna å sikre gode oppvekstvilkår, som tilstrekkeleg med leikeområde av god kvalitet, grønstruktur og nærturområder, nærleik til skule og barnehage og andre servicetilbod, og trafikksikker framkomst for mjuke trafikantar. Planane skal bygge på kvarandre og henge tett saman, men dei skal ikkje gjenta kvarandre. Kommunen skal ikkje utarbeide ein eigen plan mot barnefattigdom, men temaet bli inkludert i denne planen.

Det skal utarbeidast eit eige kunnskapsgrunnlag som dannar grunnmuren for planen. Kunnskapsgrunnlaget skal baserast på ulike datakjelder som Oppvekstprofil 2021, Grunnskolen informasjonssystem, Skoleporten, Ungdata 2021, Kommunefakta SSB, Barnetråkk, mm.

Følgande rapportar er tilgjengelege:

- Ungdata 2021
- Oppvekstprofilen
- Folkehelseprofil

Vidare skal kunnskapsgrunnlag frå andre planar som kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og lokal transportplan samt status og utviklingstrekk 2019 også bli brukt.

Om det er naudsynt å hente inn meir informasjon gjennom til dømes barnetråkk skal bli vurdert i vidare planarbeidet.

Viktige moment frå kunnskapsgrunnlaget skal inngå i planen, som grunnlag for å utarbeide strategiar. Strategiane skal legge føringar for det årlege arbeidet med verksemdsplanar, og ved utarbeiding og revidering av handlingsprogrammet. Desse strategiane skal utgjere handlingsdelen.

7 Planprosess

7.1 Organisering

Oppdragsgjevar

Stad kommune

Prosjektansvarleg

Harald Sivertsen

Prosjektleder

Mirjam Kreisel

Prosjektgruppe:

Kristin Otneim Aarsnes, Bjarte Gangeskar, Anne-Grete Eikås, Stig Ågedal-Mortensen, Helena Gangeskar Fure, Britt Tomasgard, Nyonga Amundsen, Arild Vonheim, Geir Holmen

Ressurspersonar/gruppe:

Ungdomsrådet, Rådet for menneskjer med nedsett funksjonsevne, rektorar, styrarar, lag og organisasjonar, NAV, FAU, opplæring og integrering, frivilligsentralane, eininga Kultur, bibliotek, kulturskulen, mm.

7.2 Framdrift og fristar

	Ma rs	Ap ril	M ai	Ju ni	Ju li	Au g.	Se p.	Ok t.	No v.	De s.	Ja n.	Fe b.	Ma rs	Ap ril	M ai
Utarbeide prosjektmandat	x														
Innspel ungdomsrådet til oppstart av planen	x														
Administrativ godkjenning prosjektmandat	x														
Utarbeide planprogram	x	x													
Politisk behandling av forslag til planprogram		x													
Varsel om oppstart og off. ettersyn planprogram			x												
Politisk vedtak planprogram							x								
Utarbeide planforslag						x	x	x	x	x	x				
Medverknads møte (Råda, utvala, ulike samfunnsaktører...)								x			x				
Politisk behandling av planforslag												x			
Offentleg ettersyn av planforslag												x	x		
Drøfting høyringsinnspel														x	
Vedtak av plan															x

7.3 Informasjon og medverknad

7.3.1 Informasjonsprosess etter plan- og bygningslov

Varsel om oppstart og høyring av planprogram

Planprogrammet blir lagt ut til offentlig ettersyn i seks veker. I høyringsperioden for planprogrammet er det høve til å kome med innspel til planstrukturen og sjølve planarbeidet. Nabokommunar, organisasjonar og styresmakter blir varsla og planprogrammet blir lagt ut på kommunen si heimeside.

Høyring planforslag

Planforslaget vil bli lagt ut til offentlig ettersyn i seks veker. Jf. plan- og bygningslova §5-1 har kommunen eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev særskilt tilrettelegging, derunder barn og unge. KDP for oppvekst er ein plan som omtaler tema som er veldig viktige for mange i samfunnet, og som mange har ei meining om. Derfor planlegg vi ein brei medverknadsprosess. Utover det vanlege offentlege ettersynet for planprogrammet og planforslaget etter plan- og bygningslov, skal det gjennomførast medverknadsmøte. Korleis desse blir gjennomført er avhengig av Covid-19 situasjonen. Ønskeleg og dersom det er mogleg er det planlagt:

1. Orientering om oppstart av planarbeidet i ungdomsrådet, der dei får kome med innspel i tidleg fase (har blitt gjennomført)
2. **Arbeidsverkstad «planforslag» barn og unge**
3. Arbeidsverkstad «planforslag» med skular, barnehage, kulturskule, frivilligsentral, foreldre, lag og andre relevante aktørar som mellom anna nemnt under ressurspersonar.

Vi ønskjer at barn og unge blir tilstrekkeleg involvert, og har ein reel moglegheit til å påverke planarbeidet- og innhaldet. Barnetråkk skal bli vurdert som metode for å kartlegge barn og unge sin bruk av ulike område i kommunen, og kva dei vil har annleis.